

2.000 i bot for is på bilrutene

09.01.2010

Fredag morgon fekk ein bilist på riksvegen i Uskedalen 2.000 kroner i bot av politiet fordi han ikkje hadde skrapa isen av bilvindaugo før kjøreturen.

Lensmann Sigurd Børve seier at det var lite om å gjera før førarkortet vart beslaglagt. Politiet ser alvorleg på køyring med isete bilruter. Dei som ikkje skrapar rutene set både eige og andre sitt liv i fåre. Difor er det viktig med slike kontrollar, held lensmannen fram.

Så langt denne vinteren har ikkje politiet i vår kommune beslaglagt førarkort på grunn av nedisa bilruter, men det har vorte gjort tidlegare år. og kan bli aktuelt igjen, åtvarar lensmannen.